

---

**Saksnr:** 2021/1142-6  
**Saksbehandlar** Gisle Johanson  
**Dato:** 27.09.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Avdelingsdirektør Bård Sandal

---

## Halvårsrapport Innovasjon Norge Vestland 1. halvår 2021

Hovudutval for næring løyva i møte 17. februar 2021 til saman kr 75 766 000 til Innovasjon Norge Vestland for 2021. Innanfor løyvinga vart følgande midlar øyremerka:

- Bedriftsnettverk kr 4 000 000
- Mentortenesta kr 1 500 000
- Etablerartilskott marknadsavklaring kr 5 000 000
- Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta kr 65 266 000

I rapport til fylkeskommunane etter første halvår 2021 melder innovasjon Norge om forbruk av administrasjon- og gjennomføringskostnader for ordningane som finansierast over Statsbudsjettet kap 553, kap 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling:

Innanfor løyvingsramma er det gitt tilsegn til kundar på til saman kr 35 651 500 pr. 30. juni 2021. Distriktsretta tilskott står for kr 30 264 000 av dette.

Innovasjon Norge Vestland har nytta kr 4 687 634 til gjennomføring av dei ulike ordningane.

Innvilga tilsegn og påløpte gjennomføringskostnadar fordelar seg på dei ulike ordningane:

	Tilsegn	Kostnader	Løyving i oppdragsbrev for 2021
<b>Mentorordninga</b>	472 500	192 747	1 500 000
<b>Etablerartilskott til marknadsavklaring</b>	2 365 000	760 365	5 000 000
<b>Distriktsretta tilskott</b>	30 264 000	1 998 197	65 266 000
<b>Bedriftsnettverk</b>	2 550 000	352 759	4 000 000
<b>Sum</b>	<b>25 651 500</b>	<b>3 303 765</b>	<b>75 766 000</b>

Innovasjon Norge Vestland opplyser at etterspørselen etter midlar til tidligfase-midlar (Mentorordninga og Etablerartilskott) har vore noko lågare enn forventa. Dette kan vere ein følgje av at det var svært høg tidligfase-aktivitet i 2020 grunna pandemien. Etterspørsel etter midlar under Distriktsretta tilskott og Bedriftsnettverk er om lag som planlagt.

Innovasjon Norge legg til grunn ulike satser for gjennomføringskostnader for dei ulike ordningane. Tabellen under viser dei generelle satsane og den realiserte andelen (gjennomføringskostnadane i høve til sum av tilsegn/ gjennomføringskostnader) for Innovasjon Norge Vestland.

	Gjennomføringssatser	Realisert andel Innovasjon Norge Vestland 1 H 2021
Mentorordninga	40 %	29%
Etablerartilskott til marknadsavklaring	15%	24%
Distriktsretta tilskott	8%	6%
Bedriftsnettverk	15%	12%

## Vedlegg

- 1 Rapport til FK om adm- og gjennomføringskostnader kap. 553 post 61 pr 30.06.2021